

# Tusenårsstaden Gulatinget



## Årsmelding 2018



# Årsmelding

Gulatinget er Sogn og Fjordane fylke, og Gulen kommune sin tusenårsstad. Tusenårsstaden Gulatinget - minneparken knytt til Gulatinget - vart opna i 2005 og har i 2018 vore ope for publikum i 13 år.

## Styring

Utviklingsarbeidet knytt til Gulatinget er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune. Arbeidet er organisert med ei styringsgruppe beståande av representantar frå politisk og administrativt hold i dei to organisasjonane. For 2018 har styringsgruppa bestått av:

- Hallvard Oppedal, Ordførar, Gulen - Leiar
- Karen Marie Hjelmeseter, Leiar Hovudutval for næring og kultur, Fylkestinget
- Ingebjørg Erikstad, Ass. Dir. Næring og kulturavdelinga, SFJ fylkeskommune
- Reidun Halland, Rådmann, Gulen
- Anne Hopland, Dagleg leiar for Tusenårsstaden Gulatinget

Styringsgruppa har i 2018 hatt 3 ordinært styringsgruppemøte, i tillegg til lokale oppfølgingsmøter mellom styringsgruppeleiar, dagleg leiar og rådmann i Gulen.

## Overordna rammeverktøy

Forvaltning og utvikling av Gulatinget er forankra i vedteken 10 årig samarbeidsavtale mellom SFJ fylkeskommune (FT-sak 57/15) og Gulen kommune (KS-sak 120/15), gjeldande frå 1. januar 2016.

Det vart vidare i 2016 utvikla ny Strategiplan for Tusenårsstaden Gulatinget 2016-2020 (HUK 13/15). Strategiplan har 4 innsatsområder som ligg til grunn for arbeidet:

- **Fagleg utvikling og kunnskapsproduksjon**
- **Formidling**
- **Verdiskaping og lokal næringsutvikling**
- **Nettverksarbeid**

Styringsgruppa vedtak ein årsplan for kvart år. Tiltaka i årsplanen skal bidra til at ein når måla innanfor kvart innsatsområde (sjå «Oversikt aktivitetar i 2018»).

## Økonomi

Hovudprosjektet hadde i 2018 eit driftsbudsjett på kr 1 577 143,- fordelt som tilskot frå Fylkeskommunen kr. 1 104 000,- (70%) og Gulen kommune kr. 473 143,- (30%). Det vart i 2018 søkt om statleg medverknad til drift frå Kulturrådet som diverre vart avslått. På tampen av året og i samband med regjeringsforhandlingane fekk KrF forhandla inn kr 0,5 mill. over statsbudsjettet, øyremerkt ei formidlingsstilling. Det gjev rom for å styrke formidlingsarbeidet på Gulatinget i 2019, noko som er svært positivt.

## Oversikt aktivitetar i 2018

### Innleiing

Etter at Fylkestinget på tampen av 2017 fann rom for å legge finansiering av det lenge planlagde besøkssenteret på Gulatinget inn i økonomiplanen, har arbeidet med forprosjekt knytt til bygget fått mykje fokus i 2018.

Vi registrerar og at det er større merksemd regionalt og nasjonalt kring dei eldre regionaltinga si historie, noko som er gledeleg.

Samstundes er det gledeleg å sjå at Gulatinget er godt besøkt i sommarhalvåret. Gulatinget Vikingmarknad hadde 3000 besøkande, og parken har totalt i 2018 hatt over 14 000 registrerte besøk.

Interessa for Gulatinget er også aukande blant turoperatørar som bringer inn besøkande frå innland og utland. Norled testa saman med GoFjords og Lost in Norway i sommar ut 3 veker med dagsturar med ekspressbåt frå Bergen til Skjerjehamn og Gulatinget. Responsen var positiv, og tilbodet skal utvidast i 2019.

Gulen kommune blei i 2018 medlem i Bergen Reiselivslag (BRL). I tillegg til å bli profilert saman med andre destinasjonar i Sogn og Fjordane gjennom Visit Fjordkysten, starta difor også arbeidet med å profilere Gulatinget inn mot Bergensmarknaden og cruisesegmentet hausten 2018, for å vere klar på BRL sine plattformer frå 1.1.2019. Vi er veldig spente på kva medlemskap i BRL, og synlegheit mot Bergen og turistmarknaden kan føre med seg av ytterlegare besøk framover.

Dersom auka turisttrafikk skal bidra til lokal og regional verdiskaping jfr. strategiplanen, og publikum skal få ein lærerik oppleving når dei vitjar Gulatinget, er det viktig at dei vert møtt med fasilitetar som legg til rette for det. Skal ein få grep om dette, må ein vere tilstade på Tusenårsstaden i heile sommarhalvåret. Gjennom realiseringa av besøkssenteret på Gulatinget, og auka ressurs på formidling vil ein sikre dette.

Sjølv om 2018 har vore eit travelt år med planlegging av bygg og mykje møteverksemd, har også andre delar av strategiplanen vore følgt opp. Under er sett opp ein oversikt over aktivitetane i 2018, fordelt på tiltak innafor dei 4 definerte innsatsområda.



## Administrasjon

- 11. januar Lokalt statusmøte
- 19. januar Møte med Highland Games v/Tangstad
- 21. februar Strategimøte før presentasjon for Fellesnemnda
- 24. januar Møte i Styringsgruppa for Gulatinget
- 26. februar Møte med Fylkesordførar SFJ
- 7-8. februar Deltaking Kulturkonferanse SFJ
- 8. mars Møte med Fylkesordførarane for Hordaland og Sogn og Fjordane
- 9. april Lokalt statusmøte i Gulen
- 11. april Møte i Styringsgruppa for Gulatinget (video)
- 8. mai Møte m/Eigedomsavd. SFJ Fylkeskommune Vedr. Visningscenteret, Leikanger
- 19. mai Synfaring Landslovutstillinga «Miserabile personae», Agatunet
- 25. mai Planleggingsmøte med Arkitektgruppen CUBUS, Bergen
- 1. juni Søknad statsmidler til drift, Kulturrådet
- 15. juni Nominasjon Gulatingsloven («Rantzauboka») til Noregs Dokumentarv
- 19. juni Deltaking møte «Nasjonaljubileet, Gardermoen
- 22. juni Presentasjon for Fellesnemnda for Vestland Fylkeskommune
- 3. september Vertskap Storehaug, KrF. Omvising i Eivindvik og på Tusenårsstaden
- 6. september Lokalt statusmøte i Gulen
- 1. oktober Søknad spelemidlar, belysning
- 4. oktober Møte med Arkitektgruppen CUBUS/Eigedomsavd, video
- 25. oktober Møte i Styringsgruppa for Gulatinget
- 30. oktober Lokalt statusmøte
- 1. november Møte med Arkitektgruppen CUBUS/ Eigedomsavdelinga
- 19. november Møte med Arkitektgruppen CUBUS/Eigedomsavdelinga
- 29. november Møte med Arkitektgruppen CUBUS/Eigedomsavdelinga, video
- 1. desember Utleigereglement for Tusenårsstaden Gulatinget oppdatert
- 17. desember Lokalt orienteringsmøte

## 1. Fagleg utvikling og kunnskapsproduksjon

«Mål: Gulatinget og Gulatingslova sin plass i samfunnsutviklinga er kjend og etablert»

Måla for innsatsområdet skal nåast gjennom samarbeid med relevante fagmiljø, initiering av forskingsarbeid og undersøkingar knytt til nye problemstillingar, arrangement av årlig fagseminar (Gulatingseminaret), deltaking i nasjonale og internasjonale fagnettverk og relevante faglege seminar og konferansar, utvikling av grunnlag for formidling, intern og ekstern kompetansebygging. Det skal etablerast ein referansegruppe av fagpersonar i eit Gulatingsråd, som kan ivareta den faglege integriteten til utviklingsarbeidet knytt til Gulatinget, rådgje styringsgruppa og dagleg leiar i utviklingsarbeidet og bidra til å initiere FOU- verksemd knytt til Gulatinget gjennom sine faginstitusjonar og nettverk.

### Tiltak gjennomført i 2018

- 5. februar Møte med Oppvekstsjef i Gulen, pedagogisk formidling i skulene
- 11. april Referansegruppe (Gulatingrådet) definert
- 19. mai Syndaring Agatunet, Landslovutstilling



- 6. sept Medforfatter Artikkel om Rantzauboka til Nordisk bibliotek magasin
- 7. sept Deltaking Landslovutstilling og seminar, Nasjonalbiblioteket
- 4. oktober Opplæring Websak Fokus (internopplæring)
- 16. oktober Deltaking «Vikingtid og markedskrefter», Litteraturhuset, Bergen.
- 17-18. oktober Deltaking på «I Vesterled» (konferanse, Middelalderuken, Bergen)
- 18. oktober Etablert kontakt med Middelalderklynga
- 13. nov Deltaking på Framtidas Reiseliv 2018



## 2. Formidling

*«Mål: God og tydeleg informasjon på nett og ved attraksjonane gir målgruppene meir kunnskap om Gulatinget og om aktivitetar knytt til Gulatingslova, det autentiske Gulatinget og Tusenårsstaden».*

Måla for innsatsområdet skal nås gjennom skilting på og nær Gulatinget sine kulturminner, formidling på tavler og skilt, samt digitale ressursar på Ipad/mobil (kulturvandring) knytt til landskapspunkt av historisk betydning, tilgjengeleg informasjon gjennom gulatinget.no (nettside), formidling av egne og andre sine foredrag og artiklar med relevante tema (til dømes rettshistorie og rettstryggleik, demokrati og folkestyre, forsvar og forsvarsevne, lovverk og lovendringar). Vidare gjennom guiding, arrangement, oppslag i presse, tv og radio, publisering via norsk/engelsk Facebookside for Gulatinget, og Gulatinget sin

Instragramkonto. Det skal utviklast pedagogiske opplegg for skuleelevar til bruk i skulesituasjon, på staden og digitalt.

### **Følgjande tiltak er gjennomført i 2018**

Gjennom sommarsesongen har det vore tilbod om guiding for grupper på norsk/engelsk. Arrangement har vore marknadsført via nettside, presseoppslag, Facebook og Instagram. Etter avtale har relevante foredrag blitt streama direkte på Gulatinget sin Facebookside, og lagra for ettertida. Dette har vist seg å skape engasjement, og er ein fin måte å formidle på. I løpet av året har Kultuvandringsløypene i Eivindvik og på Flolid blitt ferdigstilt, med skilting og digital informasjon begge stader.

Det er etablert et samarbeid med Torkil Sandsund og teatermiljøet i Fjaler, med tanke på å utvikle eit «moderne historisk spel» på Gulatinget. Spelet skal aktualisere Gulatinget med sine skikkelser, og blir skreddersydd til arenaen. Ved å nytte dataanimasjon og 3D mapping på Tingveggen, saman med skodespelarar på Tinghella som interagerer, ønskjer ein å fornye spelsjangeren, og skape noko nytt. Gjennom eit interaktivt spel basert på datateknologi kan ein levandegjere vikingane sin forestillingsverd, estetikk og ornamentikk på ein ny og spektakulær måte. Under er ein oversikt over aktiviteter knytt til dette og andre formidlingsprosjekt i 2018:

**12. januar** Oppstart samarbeid med Teaterfestivalen i Fjaler, Forstudie nytt Gulatingspel

**7. februar** Møte med Torkild Sandsund, planlegging nytt Gulatingspel

**26. februar** Møte med DKS vedr. Digital formidling

**31. februar** Reprofilering skilt Gulatinget, Kulturvandring (VisitFjordkysten)

**1. mars** Nominasjon av Rantzauboka til Noregs Dokumentarv (Den norske UNESCO komiteen)

**2. mars** Montering skilt Kulturvandring – ferdig prosjekt (Milepæl)

**1. april** Opprette brukertal, Forprosjekt: Besøksenter, Gulatinget

**20. april** Møte med DKS vedr. Digital formidling

**18. juni** Møte ved Ingrid Hansen og Torkil Sandsund vedr. Nytt Gulatingspel

**12. juli** Reportasje/intverju til bibliotekmagasin

**24. oktober** Møte med Torkil Sandsund, Dale, teaterprosjekt

**30. nov** Evaluering løysingar i opprinneleg plan for besøksenteret

### **Foredrag/artiklar m.m.**

**19. & 22. juli** Foredrag om Gulatinget, Gudvangen vikingmarknad

**19. & 22. juli** Foredrag om kvinner og Gulatingslova, Gudvangen vikingmarknad

### **Arrangement (eigne/vertskap)**

**8. mai** Eivindvik skule – Aktivitetsdag

**20. mai** Utandørs Pinsegudsteneste

**26. mai** Utleige av Grindbygg

**13.-15. juli** Gulating Vikingmarknad

**18.-22. juli** Gudvangen

Vikingmarknad



### 3. Verdiskaping og lokal næringsutvikling

«Mål: Gulatinget er eit attraktivt reisemål og ein arena for aktivitet og utfolding»

Måla for innsatsområdet skal nåast gjennom iverksetjing av tiltak i to handlingsplanar for innsatsområdet:

**1. Forretningsplan for Tusenårsstaden Gulatinget** - knytt til dei marknadsretta aktivitetane på Gulatinget m/handlingsplan. Arbeidet her vert utført innanfor dei ressursane ein har til rådvelde.

**2. Utbetringsplan for Tusenårsstaden Gulatinget** – m/investeringsplan

Tiltak her er knytt til investeringar i infrastruktur og betre tilrettelegging på Tusenårsstaden. Mindre tiltak har i 2017 blitt gjort innafor driftsbudsjettet, med tilskot frå Gulen kommune sitt næringsfond. Dei større planlagde tiltaka krev ekstern finansiering og investeringsmidlar.

**Følgande tiltak er gjennomført i 2018**

**19. januar** HP Forretningsutvikling, møte

**5. mars** Deltaking møte om Kystpark, Hyllestad

**6-7. mars** Deltaking Kickoff FjordKysten – presentasjon av Gulatinget

**13.april** Møte med DMC og Lost in Norway (inkommande turoperatør)

**22. april** Vertskap for Turistinformasjonen i Bergen/Bergen Reiselivslag på Tusenårsstaden Gulatinget

**15. mai** Utforming ny flyer for Gulatinget til bruk i Turistinformasjonen i Bergen

**20. mai** Komplettering innreiing grindbygg (vikingstove)

**11.juni** Møte med Design Flores. Reisemålsutvikling i Eivindvik

**16. oktober** Møte med Turistinformasjonen i Bergen

**13. november** Konferanse, Reiseliv SFJ (Sunnfjord hotell)

**28. november** Møte arbeidsgruppe Nettside Gulatinget

**13. desember** Synfaring med Festspela i Bergen



### 4. Nettverksarbeid

«Mål: Gulatinget er ein aktiv part i levande tingstadnettverk i Noreg og internasjonalt».

Måla for innsatsområdet skal nås gjennom deltaking i lokalt lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk som Destination Viking, Nasjonalt Tingstadnettverk, lokale og regionale reiselivsnettverk. Gulatinget er også første bedriftsmedlem i «Snorres vener», har



utstrakt samarbeid med Frender vikinglag og andre relevante vikingdestinasjonar (ek.s Gudvangen) og har tatt initiativ til etablering av eit reiselivsnettverk i Gulen.

### Fylgjande tiltak er gjennomført i 2018

#### Nasjonalt tingstadnettverk

Det Nasjonale Tingnettverket har i løpet av 2018 hatt 4 møter. I tillegg har dagleg leiar for Gulatinget og prosjektleiar for Frosta hatt eit separat møte i Oslo i samband med at både stadar skal ha Landslovutstillinga «Miserabile Personae» knytt til Magnus Lagabøte sin Landslov. Møtet fann stad under opninga av utstillinga av den kanskje vakraste versjonen av Magnus Lagabøte sin Landslov «Codex Hardenbergianus» i Nasjonalbiblioteket. Nettverket er en god arena for samarbeid, faglig utvikling og erfaringsoverføring mellom de fire regionale tingstedene i landet.

**5. januar** Møte på Eidsvoll -

Arbeidsmøte - presentasjon av Eidsvoll sitt formidlingskonsept

**10. januar** Fellessøknad Riksantikvaren, Nettverksetablering

**28. februar** Møte Eidsvoll – Arbeidsmøte - presentasjon og intensjonsavtale

**2. mars** Opprettelse av Intern Facebookside for prosjektet

**13. juni** Møte på Frosta. Presentasjon av Frosta og Gulatinget sine handlingsplaner

**7. september** Møte mellom Gulatinget og Frosta, Oslo. Drøfting av planar for Landslovutstilling både stadar. Praktiske løysingar.

**26. september** Møte i Bergen. Formalisering av nettverket og det ble jobba med felles publikasjon. Det ble arrangert omvising i Håkonshallen og på Bryggen, som er sterkt knytt til Gulatinget og Gulatingslova, og ikkje minst; Magnus Lagabøtes Landslov. For Gulatinget vil det vere svært bra å etablere eit tettare samarbeid med Bymuseet, og spesielt med formidlinga knytt til Håkonshallen og Rosenkrantzårnet, då desse har fleire tangeringspunkt med Gulatinget og Gulatingslova.

**1. desember** Deltaking Gudvangen Julemarknad. Utvikling av samarbeid knytt til reiseliv



#### Parkdrift

Det vart i 2018 inngått ny driftsavtale med Gulen kommune v/teknisk etat om skjøtsel av Tusenårsstaden Gulatinget sitt parkområde.

### Fylgjande tiltak er gjennomført i 2018

**6. juli** Møte med teknisk, drift av parken

**31. august** Maling servicebygg

**11. oktober** Møte med teknisk, drift Tusenårsstaden

**12. oktober** Synfaring m/teknisk og Bygnes, analyse av landskap mht knott

**1. november** Synfaring entreprenør, vannansamlingar

**1-15. desember** Drenering veiter, reparasjon vegar



## Avslutning

2018 har vore eit arbeidsår der planlegginga av nytt besøkscenter har hatt hovudfokus. Fram over vil det bli viktig å sikre dei langsiktige rammevilkåra for utviklingsarbeidet på Gulatinget, samt vidareutvikle formidling og opplevingar på staden.

Gulatinget representerer ein Vestlandsk kulturarv som no vert lagt inn i falden til det nye fylkeskommunen. Styringsgruppa ønskjer ser fram til å samarbeide om vidare forvaltning og utvikling av Gulatinget i det nye Vestland fylkeskommune.

Styringsgruppa for  
Tusenårsstaden Gulatinget



«Gjennom skaret», Arkitektgruppen CUBUS (Illustrasjon BrickVisual)